



Jetord og jagarspråk, s. 23

SPRÅKNYTT

UTGITT AV SPRÅKRÅDET

36. ÅRGANG 4/2008

- Mest korrekt språk i vekeblada, s. 10
- Elevar i Bergen finn norske ord for engelske, s. 14
- Språket i Grunnlova, s. 18
- BØ eller B00?, s. 26

Språkrådet



Samfunnsansvar

I dette nummeret fortel norskfilologen Mona Hansen om ei undersøking som viser at vekeblada skriv (minst) like korrekt og god norsk som våre store landsfemnande aviser. Dette overraskar nok mange. For det betyr at om foreldra tenkjer på det reint språklege, bør dei heller gje tenåringane Hjemmet, Norsk Ukeblad eller Familien å lesa enn VG, Dagbladet og Aftenposten. Etter det eg kan sjå, er det ingen større aviser som har fortalt lesarane sine om undersøkinga. Argumentet kan knapt vera at nyheita ikkje har allmenn interesse.

Språkrådet sit ikkje på steinhard dokumentasjon, men har teke stikkprøver. Eg fryktar at det er ei smal sak å dokumentera at den språklege kvaliteten i avisene går nedover. Framleis skriv eit mindretal framifrå. Men dagleg er artiklar skjemde av slett ordsans, oppsiktvekkjande slurv og elementær språkleg kunnskapssvikt. Nyleg las eg ei halv tabloidside om boka til utanriksminister Støre. Det gav fjorten minus i marginen. Ingen krev det perfekte, spørsmålet er berre: Kor dårleg kan det bli, før

folkebølgja reiser seg?

Med rette blir det snakka om den kritiske pressa sitt samfunnsansvar. Men bør det ikkje vera eit samfunnsansvar å skriva norsk så pass mønstergyldig at redaktørane med handa på hjartet kan seia at elevar i vidaregåande ikkje tek skade på sin gryande norskkompetanse ved å lesa avisene deira?

Kven skal så ta tak? Det første svaret er det beste: aviseigarane. Løysingane kostar noko, og dei heiter korrektur og språkkunnskapar. Ei løysing kan ein sjå heilt bort frå (i overskødeleg framtid), og det er retteprogrammet Tansa. Verken publikum eller styresmakter meiner at språket i avisene er uvesentleg. Og journalisten Sissel Benneche Osvold uttalte seg slik i 2005: «Avispråket er viktig i den forstand at det er veldig normdannende. Det er vi som bestemmer åssen folk snakker og skriver.» Nordmenn les stadig meir aviser enn dei fleste andre i verda. Difor måtte denne leiaren handla om samfunnsansvar.

Sylfest Fomheim

INNHALD 4/2008

■ AKTUELT

- 6 Intervjuet
- 10 Korrekt språk i pressen – ja takk!
- 14 Elevar byter ut engelsk med norsk
- 17 Språkbrukaren

■ INNSIKT

- 18 Grunnloven – best på jord?
- 23 Flyteknisk terminologi
- 26 Lyden av teikneseriar
- 28 Norsk teiknspråk – eit levande minoritetsspråk
- 32 Uttransport – heimreise, tvangsretur eller deportasjon?



Redaksjonen tek gjerne imot brev frå lesarane. Det kan vere kommentarar til artiklane og emne i bladet, interessante ord og uttrykk ein har komme over, nyord, språkspørsmål eller anna. Adressa er: Språknytt, Språkrådet, Postboks 8107 Dep, 0032 OSLO

Spørsmål: Hva ligger bak ordet *ringrev*?

Svar: Det er så velkjent at reven er lur, at vi har uttrykket 'lur som en rev'. Det må vi ha i tankene når vi skal finne ut hva 'ringrev' betyr.

Ringene det er snakk om her, er ikke noen egentlig ring, men en boksering. Grunnen til at det heter 'boksering', må være at bokseringen en gang i tiden har vært ringformet. En 'ringrev' betydde altså opprinnelig 'erfaren bokser'.

Spørsmål: Jeg lurer på hvorfor man sier *på kjøkkenet*, men *i gangen*. Dessuten virker det som det har blitt mer og mer vanlig å si *på stua*. Hva er hovedregelen og eventuelt bakgrunnen for at vi ikke bare sier *i* eller *på*?

Svar: Det er en tendens til å bruke preposisjonen *på* foran betegnelser for rom og lokaler med en mer spesifikk bruksfunksjon: *på kjøkkenet, soverommet, toalettet, badet*. Noen sier også *på stua*.

Men i alle disse tilfellene kan også *i* brukes om en vil framheve nyansen 'inne i'. Gangen er i utgangspunktet bare en passasje til andre rom, men vi har faktisk frasen *på gangen*.

Spørsmål: Finst det regler for når ein skal bruka prosentteiknet, og når ein skal skriva *prosent* med bokstavar?

Svar: Ein tommelfingerregel når det gjeld ordet *prosent* og teiknet %, er at ein normalt skriv dette ordet med bokstavar når ikkje spesielle omsyn talar for noko anna. Spesielle omsyn kan vera presisjon, nøyaktigheit i talopplysningar (kan henda med desimalar), kor mykje plass ein har å skriva på (i tabellar, figurar o.l.), og anna.

Det *skal* vera mellomrom mellom sifferet og teiknet: *30 %*. I løpande tekst vil det svært ofte vera best å skriva *prosent*.

Spørsmål: Jeg hører stadig at noen sier: *De blir å komme på festen* eller *De blir å kjøpe den jakka*. Er dette korrekt grammatisk?

Svar: Uttrykksmåten er utbredt i talemålet i Finnmark og kanskje andre deler av Nord-Norge, men har aldri vært godtatt i riksspråket. Det er altså *i* og *for* seg riktig dialektgrammatikk, men neppe korrekt riksspråkgrammatikk.

Når eit ord er ført opp i denne spalta, tyder det berre at vi har registrert at det er i bruk. Det tyder ikkje at Språkrådet går god for ordet. Dersom vi rår til eller rår frå å bruke eit ord, vil vi nemne det uttrykkjeleg.

firenighet Når jeg ser bilder fra katolske land med statuer av Maria som blir båret rundt og æret, kan jeg ikke unngå å spørre om en ikke her har omgjort treenigheten til en firenighet.

Leserinlegg i Vårt Land 2.10.2008

geotagging Hver gang du tar et bilde med kameratelefonen din, lagres det en mengde informasjon i bildefilen. [...] Geotagging innebærer at du lagrer en ekstra opplysning. Hvor bildet er tatt.

amobil 31.1.2008

mindretallshudfarge Jeg har på kronikkplass 1. juni skrevet at Ny Tid er blant dem som støtter religionen og patriarkatet i nær sagt alle spørsmål hvor kvinneundertrykkelse opptre sammen med mindretallshudfarge.

Gunn Hild Lem i innlegg i Aftenposten 11.7.2008

pramme I perioden 22. september til 20. oktober skal 9000 rein prammes over fra sommerbeite på øyene i Nord-Troms og Finnmark til vinterbeite på fastlandet.

Landbruks- og matdepartementet 24.9.2008

tåkedott (ny betydning) Snillister og andre tåkedotter snakker om at vi må forstå; forstå hva da?

Leserinlegg i Verdens Gang 19.10.2008

shariahotell I Midtøsten vokser markedet for sharia-hoteller med kjønnsdelte svømmebasseng, halal-kjøkken og alkoholfrie barer.

Klassekampen 24.7.2008

strømfø (verb) Bygger nytt atomkraftverk. – Må til for å strømfø Sjøtoman, NRK Troms og Finnmark tok verbet å strømfø i bruk 27.6.2008. Ordet skal visstnok allerede være tatt i bruk i dansk.

yngreomsorgen Pleietrengende eldre får langt færre timer med hjelp fra hjemmetjenestene enn de yngre. Mange av de nye hendene statsministeren skryter av, går ikke til de eldre, men til «yngreomsorgen».

Aftenposten 29.9.2008

smakskameraderi For å slippe smakskameraderi blant kunstnerne når man deler ut stipendier og kunstnerlønninger, eller bestemmer hvem som skal få offentlige utsmykningsoppdrag, hvem som skal kjøpes inn til museene osv., synes det riktigere å stimulere et fritt kunstliv slik det også er i næringslivet.

Billedkunstneren Dag Hol i kronikk i Aftenposten 11.7.2008

I denne spalten tar vi opp stort og smått om forholdet mellom norske ord og importord, først og fremst engelske.

STRESSE ELLER CHILLE?

Hvordan går man fram i arbeidet med avløserord? Denne gangen ser vi litt på «det å gå utenom». Som generelt råd er det tvilsomt, for det er ofte tida som best viser om en avløser var nyttig eller ikke. Det viser seg ofte i ettertid at et engelsk ord passet godt i norsk, så man kunne for så vidt ha kula'n ned og tsjilla litt. Men man vet ikke på forhånd om et engelsk lån setter kjente og kjære ord på side-linja: Vil for eksempel *chilling* redusere rommet for å roe'n ned på tradisjonelt vis? Rådet fra bøygen kan altså være etterpåklokskap på forskudd.

Stress blir gjerne framhevet som prototypen på et ord som glir glatt inn i rettskrivningen. Ikke noe å stresse med, altså, så lenge man likevel får bale med andre ord. *Tough* er forlengst blitt til *tøff*, og *rough* til *røff*. Disse ordene passer nesten bedre i norsk enn i engelsk – man slipper i alle fall å skrive gh og si ff. De er eksemplariske lånord, så lenge delsynonymer som *rå*, *hardfør*, *grov* og *hardhendt* får leve videre. Å *skanne* fyller hull i norsk, på både innholds- og uttrykkssida, og et alternativ – som sikkert ville ha vært lengre – er det nesten meningsløst å fremme. Og vil noen mot formodning bytte ut et ord som *fender*, bør vedkommende sannelig ha et praktisk alternativ

på lager. Det gamle importordet *streik* (av *strike*) er også en seier for korthogd og effektivt språk. Det veier nesten opp for den manglende tilpasningen i motstykket *lockout*. Noe bedre er neppe mulig, siden vi ikke har islendingenes språkressurser, jf. *verkfall* (streik) og *verkbann* (lockout). Eller rettere sagt: islendingenes evne til å utnytte dem. Nordmenn er gjerne skeptiske til språklige ressurser de ikke er vant med, og oppfatter mange norske ord og ordlagingsmåter som særkdialektale og komiske (jf. *ringebu* for *telefonkiosk*).

Når et ord bærer et kjærkomment bud om opphavslandet, som *pizza*, kan avløsning være et tap. Ord for utenlandske skikker, som *cricket*, kan ofte med fordel stå helt utilpasset. Men det kan også komme noe godt ut av strengt tatt «unødvendig» konkurranse mellom tilpassede og utilpassede varianter: *Cowboy* har gjenkjenningsverdi i sin originale westernbunad samtidig som *kåbbåi* har underholdningsverdi før man blir helt vant med det. Med *kugutt* blir cowboyen så å si avkledd. Kombinasjonen av rått lån (*cowboy*), norvagisering (*kåbbåi*) og oversettelse (*kugutt*) kan altså øke nyanserikdommen i språket. Så kanskje det ikke er så ille om noen bare sjelden vil chille?



Saftig nynorsk

Reklamefolka kvapp i stolane då saftprodusenten Lerum ville marknadsføre juicen sin som *jus*. Ville folk forstå at det dreidde seg om fruktsaft? innvende dei.

■ TEKST: HALLVARD ØSTREM

– Men skulle folk komme til å tru at det var noko anna oppi kartongen enn jus liksom? spurde profil- og sponsorsjefen i Lerum-konsernet, Grethe Kristin Lerum, tilbake.

Og jus vart det. Og utan at det så

langt har vore meldt om større forvirring rundt produktet.

– Det mest naturlege er å bruke skrivemåten *jus*. Vi ser det som den norske skrivemåten av ordet. Og når ordet finst, bør vi vere dei første til å

bruke det, seier Lerum.

Norvagiseringa av importordet *juice* er eit ledd i språksatsinga til saft- og syltetøyprodusenten i Sogndal i Sogn og Fjordane. Sidan 2003 har nynorsk vore einerådande i den familieeigde bedrifta, både i produktnamn, reklame og kommunikasjon elles. Før den tid hadde bokmålsdominerte reklamebyrå fått drive marknadsføring for Lerum utan særlege språkføringar. Men det følte Lerum-familien ikkje gjekk lenger då bestemor og oldemor Kari Lerum skulle få eit syltetøy kalla opp etter seg. Kari var ho som saman med ektemannen Nils H. Lerum starta industrieventyret på Sørheim i Luster for meir enn hundre år sidan.

– Vi følte det vart heilt feil å gi ho ein bokmåls-tekst. Dermed måtte vi vende om på det og byrja innføringa av nynorsk med Bestemor Lerum-serien og førte det vidare til andre seriar etterpå, fortel Grethe Kristin Lerum.

Grethe er fjerde generasjon Lerum i den tradisjonsrike bedrifta, og det er ho som i dag har hand om språk-arbeidet i verksemda. Saftbedrifta har i dag vakse til eit konsern med ein omsetnad på godt over 400 millionar kroner i året. Dotterselskapa Lerum Fabrikker AS og Lerum Konserver AS har fabrikklegg i Sogndal, Kaupanger og Lærdal og sysselset til saman rundt 150 personar.

Sterke innvendingar

Grethe Lerum fortel at skepsisen var svært stor i reklamebyrået då vestlandsbedrifta sa at dei heretter ville marknadsføre seg på nynorsk.

– Dei hadde svært sterke innvendingar: Nei, dette kom ikkje til å gå bra, folk kom ikkje til å forstå oss, dei kom til å le av oss, og vi kom ikkje til å bli oppfatta som seriøse. Men det var ikkje berre dei som sa det, det var mange som var skeptiske, fortel ho.

– *Hadde dei meir handfaste argument å slå i bordet?*

– Eigentleg ikkje. Vi risikerte at folk på Austlandet ikkje kom til å kjøpe produkta våre, meinte dei.

– *Og kva har reaksjonane vore i etterkant?*

– Vi har ikkje merka noko anna enn at folk er enormt positive. Vi får framleis e-post frå bokmålsbrukarar som meiner det er autentisk og rett at vi brukar nynorsk. For det første snakkar

vi jo alle nynorsk her, og det vil vere feil for oss å presentere noko på bokmål. For det andre er vi stolte av språket

vårt, og vi er stolte over å vere frå Sogn. Og då er nynorsk absolutt det rette for oss. Det ville ha vore heilt feil for oss å bruke noko anna.

– *Og salet har ikkje gått ned?*

– Nei, absolutt ikkje! ler fabrikk-eigaren fornøgd.

Grethe Lerum fortel at haldninga til nynorsk i reklamebransjen har endra seg sidan 2003.

– Reklamebyråa som vi arbeider med no, er heilt positive til at vi brukar nynorsk, sjølv om dei sjølv brukar bokmål og held til midt i Oslo og Bergen. Haldningane er endra, for dei ser at det fungerer. Dette er jo oss, som dei seier. Språket er ein av verdiane våre: ekte og ærleg, tradisjon og nynorsk. Og nynorsken set vi svært

● ● GRETHE KRISTIN LERUM

Grethe Kristin Lerum er profil- og sponsorsjef i Lerum Fabrikker AS og Lerum Konserver AS.

høgt. Vil byråa jobbe med oss, så veit dei også at dette er ein av premissane, seier Lerum.

Moderne nynorsk

Bedrifta bruker det Grethe Lerum kallar ein moderne bruksnynorsk, og ho meiner at moderniseringa av språket har gjort det lettare å bruke nynorsk i marknadsføringa no enn tidlegare. Det er kanskje også ein av grunnane til at sogndølane venta heilt til 2003 før dei tro til.

– Det var nok ein vanskelegare

for det meir nynorsklingande «hushaldningssaft».

– Vi brukte hushaldningssaft ei stund, men vi fann ut at vi godt kan bruke husholdningssaft. På nynorsk skulle det nesten heller heite hushaldssaft, men det vart meir komplisert å bruke, syntest vi. Vi prøver å bruke ein normert nynorsk, og sjølv om språket sjølv sagt må vere rett skrive, må heile landet kunne forstå kva det er vi prøver å selje, seier Lerum.

Ifølgje profilsjefen har vel 95 prosent av produkta til Lerum no fått nynorske

● «Vi får framleis e-post frå bokmålsbrukarar som meiner det er autentisk og rett at vi brukar nynorsk.»

nynorsk før. Nynorsk var litt «gammalnorsk» og vanskeleg å forstå for dei som ikkje hadde dette i dialekten sin. Vi føler nok at det er lettare no når vi har fått ei meir moderne nynorsknorm og kan formulere oss på andre måtar.

– *Avstanden til bokmålet blir rett og slett ikkje så stor?*

– Nei, språket blir i alle fall ikkje så vanskeleg å oppfatte. Vi vil jo ikkje forvirre forbrukaren heller, men vere tydelege. Ein vil alltid vere litt redd for at språket blir oppfatta som sært, men dagens nynorsk er jo absolutt ikkje sær, meiner Lerum.

Saft i hushaldet

Nynorsksatsinga i Lerum har resultert i produktnamn som Frukostjus, Eplejus og syltetøyseriane Syltetøy utan tilsett sukker og Lerums utvalde. I enkelte tilfelle strekkjer Lerum pragmatisk på språkstrikken og har valt å la det bokmålslike produktnamnet Husholdningssaft passere, også fram-

namn. Men nokre få står att. Eitt av dei er lettproduktet *Nektar Light*.

– Ja, Nektar Light heng att framleis. Den gongen vi skulle lansere Nektar Light, stod reklamebyrået vårt hardt på at eit produkt som heitte noko med light, måtte vere på bokmål. Nynorsk og engelsk passa ikkje i hop, meinte dei. Så det namnet står framleis.

– *Så Nektar Light-serien kjem til å få nytt namn?*

– Ja, han får nytt namn. Viss han skal overleve, får han det.

– *Og då blir namnet Lettnektar kanskje?*

– Nei, denne varianten har så lite volum at vi eigentleg ikkje har gjort så mykje med han enno. Vi må først finne ut om han har livets rett, seier Grethe Lerum.

Den lerumske kulturarven

Interessa for språk og kultur har Grethe arva frå far sin, Kåre Lerum, som har utmerkt seg som ein kulturpersonlegdom i Sogndal, ikkje minst gjennom

sine mange år som formann og trompetist i Sogndal Musikklag. Som direktør i konsernet fram til 2004 la han grunnlaget for nynorsksatsinga. I 2003 vart han heidra med Målrosprisen til Sogn og Fjordane Mållag for engasjementet sitt for nynorsk som reklamespråk, og i 2005 vart han slått til riddar av 1. klasse av St. Olavs orden for den lange og skapande innsatsen sin for norsk nærings- og kulturliv, som det heitte i grunngevinga frå Slottet.

– Både Kåre og bror hans, Bjarne, som saman fekk bedrifta skikkeleg opp å gå då dei tok over i 1970, er svært opptekne av språk. Og han Kåre seier at det er to språk som det er lov å bruke i Lerum: nynorsk og engelsk. Han har ein svært klar profil på det. Han rettar oss heile vegen. Viss nokon skriv feil, så er han på hogget med ein gong, fortel dottera.

Og sansen for rettskrivinga har ho openbert arva frå far sin.

– Det er eg som jobbar mest med språket her i bedrifta no, og det er nok fordi eg har ein spesiell kjærleik til det. Eg likar å stelle med språk, ikkje minst nynorsk, og norsk språk synest eg i det heile er svært interessant. Eg ser utruleg mykje artig skriving, og det er svært mykje skrivefeil ute og går. Det er ei salig blanding av nynorsk og bokmål, ler ho.

– Og det er vel det som er det verste i vår samanheng, meiner eg. Skal ein gå over til ein annan språkprofil, må ein i alle fall skrive rett.

Ein kulturell hjørnestein

Det breie kulturengasjementet til familien Lerum har gjort konsernet Lerum til ein viktig økonomisk støttespelar for kulturaktivitetar og idrett i nærområdet.

– Vi har som mål å sponse både idrett og kultur, og vi ønskjer på den måten å bidra til å skape eit levande samfunn her, på lik linje med andre stader. Det kan vere vanskelegare å få til ting på små plassar enn på større plassar, seier Lerum.

– Kultur og musikk har vi vore interesserte i lenge, også i familien. Dermed har vi sponsa det som er av musikklag rundt om her. Like viktig er det å sponse kulturarrangement og spesielt unge som vil opp og fram, og som ikkje kan skaffe seg pengar på andre måtar.

Den lokale idretten nyt også godt av sponsorstøtte frå Lerum. Blant dei er andredivisjonslaget i handball, Jotun, fotballturneringa Sognefjord Lerum Cup og ikkje minst fotballklubben Sogndal I.L. og Sogndal Fotball.

– Ja, Sogndal Fotball har vi sponsa i 27 år. Vi har norsk rekord i å vere hovudsponsor for eit fotballag, kanskje også verdsrekord. Vi har vore med dei i motgang og medgang, heile vegen, seier Grethe Lerum stolt.

– Vi er i grunnen litt like: Dei er som oss litt imot alle odds og har klart å utvikle svært mange gode fotballspelarar på ein liten stad. Vi på vår side forsyner heile landet med daglegvareprodukt frå den same vesle staden. Vi har i det heile eit kjempegodt forhold, fortel sponsorsjefen – og minner om at sponsing ikkje berre dreier seg om milde gåver:

– Når folk snakkar om sogndalsfotball, så tenkjer dei også på Lerum – og det er resultatet av profileringa vi har hatt gjennom så mange år, seier Grethe Lerum.

Resultatet ser ein kanskje også att i supporterklubben til Sogndal Fotball: Dei kallar seg kort og godt *Saftikokaradn*.



Korrekt språk i pressen – ja takk!

De store avisene har siden 2006 ikke lenger ansatt korrekturlesere. Ukebladene, derimot, får lest korrektur på sine tekster før de går i trykken.

■ MONA HANSEN

Journalistene i de store avisene arbeider under stramme tidsfrister, mens ukebladene har bedre tid før tekstene trykkes. Det kan være en medvirkende årsak til at feil av ulike typer sniker seg inn i avistekstene. Ukebladene er dessuten lettere å lese enn avisene.

Språk i aviser og magasin

I en undersøkelse Høgskulen i Volda utarbeidet for Magasin- og Ukepresseforeningen (MUF) i år, sammenliknet vi magasiner og aviser med henblikk på tekstenes lesbarhet. Samtidig vur-

derte vi forekomsten av språkfeil. Materialet omfattet papirutgavene av tre magasiner (Hjemmet, Se og Hør, Tara) og tre aviser (Aftenposten, Dagbladet, VG). De seks publikasjonene i materialet er, med unntak av Tara, blant de aller største i Norge innenfor sine markeder. Ett nummer av hver publikasjon ble undersøkt.

Den leservennlige tekst

For å måle tekstenes lesbarhet brukte vi et dataprogram som er tilgjengelig på internett (Lix räknare). Program-

met er laget ut fra en antakelse om at korte ytringer (setninger) og korte ord er lettere for leseren å oppfatte enn lange ytringer med lange ord. For hver tekst gis en lesbarhetsindeks (liks).

Mens tekstene i ukebladene gjennomsnittlig var lette å forstå (med en lesbarhetsindeks på 30–34), var avis-tekstene gjennomsnittlig middels vanskelige (med et normalnivå på 40). Det er som forventet for begge typer medietekster. Ledere og kommentarer i avisene hadde noe høyere lesbarhetsindeks enn nyheter og reportasje. Lesererne skrev ofte enklere enn journalistene. En del av tekstene i avisene var like tilgjengelige som dem vi finner i ukebladene. Omvendt stilte noen tekster i ukebladene litt større krav til lesernes forståelse.

Enkelte ytringer i tekster med høy lesbarhetsindeks var spesielt lange. En leservennlig ytring har sjelden mer enn 22–25 ord. Hvis antall ord i ytringen nærmer seg det dobbelte av dette, er det grunn til å vurdere om den kan deles opp. Noen ytringer med vanlig lengde hadde en opphopning av lange ord.

Verdien av korrekt språk

I vårt materiale var det stor overvekt av riktig språkføring i alle publikasjonene. Språket var mest korrekt i magasinene, der var det vanskelig å finne feil i det hele tatt. Kommafeil gikk mest igjen i materialet sett under ett. I lange ytringer med flere leddsetninger vil feil bruk av komma kunne forvanske lesningen.

Det var lett å få øye på flere typer språkfeil i avisene, men noen avis-tekster var feilfrie. Det gjaldt tekster i alle avisene og innen alle sjangre. Typiske elementære feil knyttet til

ortografi og bruk av *og/å, da/når* etc. var det ikke mange av. De sammensatte ordene var nesten alltid skrevet korrekt. Bøyningsformen ordene hadde fått, var ikke alltid riktig ut fra sammenhengen. I noen setninger var ord falt ut, kommet i tillegg eller stokket om. Leseren måtte altså selv i enkelte tilfeller redigere språket for å få meningen på plass. Et substantiv kunne mangle, som her: «Selskapet gjør seg klar til en allianse med et annet flyselskap for å overleve i flyindustriens knallharde [konkurrans], melder selskapets ledelse.» Dette er et eksempel på manglende samsvar mellom ledd: «Tv-sjef Arne Helsingen i NRK vil ikke ta stillingen til forslaget fra KrF, men sier følgende: ...» [stilling].

Sviktende presisjon og klossete ordsammenstilling forekom, som i svaret til et intervjuobjekt: «Utfordringen for nordmenn vil derfor være å ikke ta for gitt at det alltid 'er norsk å være best', i en tidligere statsministers ord» [*med, ikke i*]. Siktes det til statsminister Brundtlands nyttårstale i 1992, der hun sa at det er «typisk norsk å være god»?

Den vedvarende språkrøkt

Det er grunn til å tro at de nye kraftige dataverktøyene de store avisene har skaffet seg (Tansa), bidrar til å minimalisere skrivefeil. Tar vi andre undersøkelser i betraktning, ser det ut som rettskrivningen i avisene er blitt bedre. Om avisene spanderer litt korrektur i tillegg før publisering, kunne de fleste tekstene bli gode eksempler på korrekt og forståelig språk.

.....
Mona Hansen er cand.philol. med nordisk hovedfag.

Språk i Norden

Styret i Ungdommens Nordiske råd (UNR) vedtok i april 2008 engelsk som arbeidsspråk ved sida av dei skandinaviske språka. I vedtaket heitte det at ein ikkje lenger kan ta det for gjeve at alle i Norden er i stand til å kommunisere på skandinavisk. Vedtaket skapte debatt innanfor det nordiske samarbeidet, og Nordisk råd vedtok i september å øyremerkje 455 000 danske kroner til tolking for UNR. Det gjeld tolking til og frå finsk og islandsk.

I ein resolusjon frå UNR heiter det mellom anna:

– Beslutningen viser at politikerne har taget den nuværende sprogsituasjonen alvorlig. Den løser dog ikke hele problemet, men den fungerer som førstehjælp. For at sikre de skandinaviske sprogs stilling i Norden i fremtiden behøves kraftige satsninger på sprogundervisning i skolerne.

Språkprisen for sakprosa 2008

Språkprisen for 2008 vart delt ut på Språkdagen 13. november. Prisen gjekk til forfattar og professor i medievitenskap ved Universitetet i Bergen, Anders Johansen (bokmål) og forfatter Kjartan Fløgstad (nynorsk) og er ein pris for framifrå bruk av norsk språk i sakprosa dei siste fem åra.



Anten Fløgstad tek opp arkitektur, språkhistorie, hotell eller kolonisering, går det gjennom tekstane

hans ei skriftstemme som femner det nynorske språket frå folkelege ordspel til akademisk refleksjon. Små og store forteljingar blir vovne saman i eit mangfelt språkspel, i spennet mellom poesi og polemisk analyse. Han utfordrar og fører vidare tradisjonar frå mange språklege kjelder.

Johansen har levert viktige bidrag til norsk sakprosa gjennom bøker og artiklar som fremjar refleksjon om skriftliv, talekunst og kulturanalyse. Han er ein retorisk medviten forfatter, open mot lesaren, ein framifrå representant for den samfunnsengasjerte akademikaren som nyttar eit breitt register av språklege ressursar for å fremje den viktige offentlege samtalen.

Urovekkende holdninger

Hver fjerde nordmann mener at engelsk er et bedre språk enn norsk. Blant de unge mener nærmere halvparten at engelsk er bedre enn norsk, viser en meningsmåling utført av Synovate for Språkrådet.

– Tallene bør gi grunn til uro blant alle som vil at norsk skal være det samfunnsbærende språket i Norge også i framtiden. Resultatet av meningsmålingen viser behovet for å arbeide for mer positive holdninger til

bruk av norsk, sier Svein Arne Orvik, informasjonssjef i Språkrådet.

I meningsmålingen svarer til sammen 25 % at de er «helt enig» eller «delvis enig» i påstanden «engelsk er et bedre språk enn norsk». I gruppen 15–24 år er til sammen 43 % enige i påstanden. Bakgrunnstallene viser at menn i større grad enn kvinner mener at engelsk er et bedre språk enn norsk.

Tviler på skolen

To av tre nordmenn mener skolen gjør for lite for å lære elevene å skrive riktig. Dette kommer fram i en meningsmåling som Synovate har utført for Språkrådet. Til sammen 64 % av befolkningen over 15 år sier at de er «helt enig» eller «delvis enig» i påstanden «skolen gjør for lite for å lære elevene å skrive riktig».

Sylfest Lomheim, direktør i Språkrådet, mener det er bekymringsfullt at så mange ikke har tillit til at skolen klarer å løse en av sine kjerneoppgaver: å hjelpe elevene

til å beherske norsk rettskriving.

– Skriveopplæringen i skolen er et verktøy for å utjevne sosiale forskjeller mellom elever med ulik bakgrunn. At så mange har mistro til at skolen lykkes i dette arbeidet, bør være et varsel for utdanningsmyndighetene. Etter at den første skriveopplæringen på barne- og mellomtrinnet er ferdig, kan det synes som mange elever stagnerer og ikke får framgang i skrivekunnskapene sine gjennom resten av skolegangen, sier Lomheim.

Pris for godt IKT-språk

Rosings språkpris for 2008 er tildelt Lexin, som er eit sett med nettbaserte ordbøker for innvandrere. Rosings språkpris skal oppmuntre til bruk av godt norsk språk i IKT-

samanheng, og vert delt ut kvart år i samarbeid mellom Den Norske Dataforening og Språkrådet. Les meir om dette på nettsidene til Språkrådet.

Elevar byter ut engelsk med norsk

Norske nettsider er fulle av engelske ord og uttrykk. Kvifor er det slik? Går det an å finne gode norske ord som kan erstatte dei?

■ OLE VÅGE OG MARITA KRISTIANSEN

Dette har vore utgangspunktet for eit prosjekt der Noregs Handelshøgskule (NHH) saman med klasse 6A ved Fjellsdalen skule i Bergen har leita etter engelske ord og uttrykk på norske nettsider. Prosjektet, med tittelen «Have fun. Be cool», var NHH sitt skuleprosjekt under dei årlege Forskingsdagane i Bergen.

Prosjektet

Elevane fekk presentert ein hypotese, nemleg påstanden om at engelsk vert nytta på norske nettsider, òg i tekstar på norsk. For å teste hypotesen fekk elevane i oppdrag å jakte på engelske ord på norskspråklege nettsider. Dei skulle så prøve å finne ut kva desse orda tydde, leite etter norske termar og eventuelt lage eigne nyord. Dersom hypotesen vart stadfesta, ønskte vi òg svar på kvifor nettsideleverandørane ikkje nytta norske ord på sidene sine. Allereie ved starten på prosjektet gav elevane moglege forklaringar på dette spørsmålet: Engelsk er «kulare» enn norsk, det finst ikkje alltid gode norske ord, og – til sist – vi nyttar engelske ord fordi vi ikkje gidd å finne norske ord.

Dei fire nettsidene vi arbeidde med, var *123spill.no*, *djuice.no*, *sonyericsson.com* og *windowslive.no/messenger*. Gjennomføringa skulle reflektere dei metodane ein terminolog arbeider etter. På førehand hadde vi difor laga eit termpostskjema der elevane skulle registrere dei engelske termane saman

med definisjonar og forslag til norske termar. I tillegg la vi vekt på at gruppene òg skulle skrive ned kva kjelder dei nytta, altså ein nøyaktig referanse til nettadressa.

Resultatet

Å finne termar på engelsk var ikkje noko problem, og hypotesen vår vart stadfesta. Neste steg for elevane var å anten finne eller foreslå norske termar, og det gjekk òg greitt. Elevane stilte seg likevel spørsmålet om dei hadde forstått alle dei engelske termane på nettsidene. Særleg gjaldt det uttrykk der det omgrepet som termen refererte til, var vanskeleg å forstå.

Resultata av forskinga til elevane syner at nokre engelske termar allereie har norske avløyasarord, men at dei ikkje nødvendigvis vert nytta på nettsidene. Døme på det er *download* og *bluetooth*, der vi har orda *nedlaste* og *blåtann*. I andre tilfelle finst det ikkje norske alternativ, slik som for *hotmail*, der elevane foreslo *internetnyheter*, *fersk post* eller *varm post*. Naturleg nok manglar det norske alternativ for sernamn og produktnamn som er unike for dei ulike selskapa. I desse tilfella har elevane valt to strategiar. Anten har dei omsett det engelske ordet til norsk, som i tilfellet *Sandverdenen* for *World of Sand*. I andre tilfelle har elevane foreslått norske ord som dekkjer innhaldet enno betre enn dei engelske. *Tegn* og *gjett* i staden for *Draw my*

Thing syner betre kva dette spelet går ut på. På nettstaden *djuice.no* er det valt engelske nemningar på dei ulike abonnementa. Men det kan vere problematisk. Kva meiner djuice Norge når dei t.d. har eit abonnement som heiter *Nonstop*? Elevane foreslo her *Ringe hele tiden*. Eit anna abonnement, *Zero*, kan gje inntrykk av null kostnader for forbrukaren. Her er nok elevane sitt forslag meir «edruelig» med *Lave kostnader*. Likevel var elevane usikre på kva dei engelske termene eigentleg stod for. Kanskje tyder det på at noko går tapt ved å nytte engelsk? Kanskje kan det òg danne grunnlag for misydingar i kommunikasjonen?

Klassa gjennomførte òg ei intern spørjeundersøking om kva ord dei likte



«Kva er det som gjer at born allereie i sjette klasse synest at norsk ikkje er dekkjande nok, men heller vil bruke engelsk?»

best, dei opphavlege engelske, eller dei norske forslaga. Haldningane var delte, nokre meinte at dei engelske termene var best, medan andre føretrekte dei norske. Nokre meinte rett og slett at engelsk var «kulare» enn norsk.

Haldningar til norsk språk

Ein kan jamleg høyre fagfolk hevde at engelsk har eit rikare ordforråd enn norsk, og at det difor er lettare å finne engelske enn norske termar for ulike omgrep. Mobiloperatøren djuice Norge meiner at noko av årsaka til at dei nyttar engelske nemningar på dei ulike abonnementa sine, er mangelen på tilfang av gode norske ord. Elevane sine vanskar med å tolke innhaldet i dei ulike abonnementa tyder likevel på at dei engelske nemningane ikkje er meir

presise enn eit norsk alternativ. Målgruppa til djuice Norge er unge mellom 15 og 30 år. Det er nærliggjande å tenkje at denne aldersgruppa kanskje synest det er kulare med engelsk enn med norsk. Testing i målgruppa viser likevel at kundane ønskjer norskspråklege menyval.

At born allereie i sjette klasse gjer seg tankar om at norsk ikkje er dekkjande nok, og at engelsk er å føretrekke, får oss til å undrast over kva det er som skapar ei slik haldning til språket så tidleg. Det gjer det høgst aktuelt å vidareføre prosjektet og studere språkhaldningar hos born og unge meir grundig med spesiell vekt på korleis det engelske språket vinn innpass i det norske. Kanskje kan ein gjennom ein

slik studie få eit grunnlag for å byggje opp eit større språkkulturelt medvit, noko som til dels manglar på norske nettsider, etter det prosjektet viser.



Marita Kristiansen er førsteamanuensis i engelsk språk ved Noregs Handelshøgskule og arbeider med både teoretisk og praktisk fagspråkforskning. Ho er medlem av Språkrådets fagråd for terminologi og fagspråk.

Ole Våge er ph.d.-stipendiat i spansk språk ved Noregs Handelshøgskule. Han skriv ei avhandling om terminologi på norsk og spansk innfor feltet akvakultur.

– **EG ETTERLYSER** desse mentorane i dagens redaksjonar. Personleg meiner eg det er heilt utruleg kva som går gjennom redaksjonane i dagens media, når det gjeld språk og kvalitet.

TV2-programleiar Trude Teige, vinnar av Kringkastingsprisen 2008, om erfarne journalistar som oppmoda henne til å bruke sitt eige språk og sin eigen dialekt då ho var ung medarbeidar i NRK Møre og Romsdal.

Referert i ABC Nyheter.

.....

– **UFF DA.**

USAs kommande president Barack Obama brukte det opphavleg norske uttrykket «uff da» då han fekk ei hockeykølle i gåve under eit valkampbesøk i Nord-Dakota. Sitert i Bergens Tidende. Norske utvandrarar introduserte uttrykket i USA. «Uff da» (vert uttalt om lag som på norsk) vert framleis brukt av amerikanarar, helst i Midtvesten, gjerne når ein vert overraska.

.....

– **SJØLV OM PRESISJONSNIVÅET** må vere høgt, er det likevel viktig å skrive forståeleg. Du skal ikkje trenge å vere jurist eller fagekspert for å fylle ut eit skjema eller lese eit brev.

Statsråd Heidi Grande Røys i Fornyings- og administrasjonsdepartementet, sitert i Firdaposten. Departementet samarbeider med Språkrådet og Direktoratet for forvaltning og IKT om eit prosjekt som skal gjere språket i statlege skjema og brev klårt, enkelt og godt.

MEDIENE ER språklige forbilder, som dessverre satser stadig mindre på språkrøkt. Detharmedførta korrekturleser også er et utrydningstruet ord – og yrke. Leter en litt, finner en enkelt og ofte engelsk påvirkning i norske mediers språk. Det kan være ord og uttrykk, men også setningsoppbygging og tegnssetting. Et åpenbart eksempel er TV2s underholdningsprogram «Deal or no deal», der man ikke engang har giddet å utarbeide en norsk tittel. På den annen side er jo NRKs «Beat for beat» en god tittel, som henspiller på beatmusikk og puslespill, hvor man altså løser bit for bit. Sportsspråket er fullt av tyverier fra engelsk, og det skjærer i øret hver gang norske ekspertkommentatorer tar i bruk ordet «outstanding», når det norske «enestående» er godt og dekkende.

Kommentator Rune Westengen i Romerikes Blad

.....

– **VI MÅ VÆRE ÅPNE** for å kunne lære av andre, samtidig som vi står fast på norsk språk og norsk kultur. Det er nøkkelen til internasjonal suksess. Bare se på litteraturen. Per Pettersons «Ut og stjele hester» er en norsk roman fra et norsk miljø med internasjonal suksess.

Nina Refseth, direktør for Norsk filminstitutt, intervjuet i Stavanger Aftenblad



AUDHILD
GREGORIUSDOTTER
ROTEVATN,
journalist

Miniforskaren

«Sei 'melk, mamma!» «Mjelm.»
«Neeei, melk!» (Fnising) «Sei 'melk,
pappa!» «Mjelm!» «Neeeee, du sa feil!
Det heiter MELK!»

Det er språkdiskusjon kring frukostbordet. Treåringen, som for nokre månader sidan flytta frå Oslo til Ålesund, er i ferd med å finne ein ny språkidentitet. Med ei mor frå Volda, ein far oppvaksen i Trøndelag, besteforeldre frå Hardanger, Trysil, Volda og Ørsta (ja, det er ein skilnad) og slekt og vener frå heile landet susar dialektane over bordet og gjennom telefonrøret. Og i den nye barnehagen snakkar dei annleis enn i den gamle barnehagen. Språkleiken er det artigaste ho veit. Og ho har oppdaga det stiligaste med norske dialektar: den store rikdomen i nyansar i små og enkle ord.

Rim og regler, songar og forteljingar – det er i barnehagen språkøret får si viktigaste trening. Eittåringen som vert send i barnehagen, kan kanskje tre–fire ord når barnet vert skilt frå mamma og pappa, og dermed er det barnehagepersonalet som er den viktigaste påverkaren. Endeleg har debatten om barnehagespråket kome for fullt. Nynorsk er for lite integrert i kvardagen til barnehagane, seier direktøren ved Nynorsk kultur-sentrum, Ottar Grepstad. Grepstad fortel skrekkehistorier om førskulelærarar som omset nynorske barnebøker til bokmål under høgtlesing. Dette er ein viktig debatt. Barnehagen

er også ein læreinstusjon.

Born har eit fantastisk språkøyre. Dei snappar opp små skilnader i uttale og dialekt og elsker å rette på foreldra. Rim og regler er artig, og dei lærer raskt. «Kva heiter barnehagen din», spurde bestemor treåringen. «Borgundvegen barnehage hei, hei, hei», sa treåringen. Ho har lært namnet på barnehagen gjennom «kampropet» frå 17. mai-toget og trur at «hei, hei, hei» er ein del av namnet. Så hardt sit regla frå 17. mai. Alle hugsar vi remser frå barndomen, og har du lært deg Fadervår på nynorsk, luggar det i heile kroppen når det kjem ein bokmålsprest. Kven sa at det ikkje er noko religiøst med språk?

Sjølv måtte eg ha ei regle for at eg skulle kome meg gjennom matteeksamen på ungdomsskulen. Utan «Mannen i månen kan smile og le, ringen rundt hovudet er pi ganger d. Viss du skal finne fjeset til mannen, brukar du formelen: pi r i annen» hadde det vorte ein stygg ein på vitnemålet.

Å vere vitne til at born finn det språklege sjølv, er fantastisk. Når forsvinn undringa og språkgleda for dei fleste vaksne? Problemstillinga minner meg om eit spørsmål filosofen og klatraren Arne Næss senior fekk frå ein journalist. «Når starta du å klatre?» spurde journalisten. Arne Næss såg forundra ut. «Eg har aldri starta å klatre. Det er berre du som har slutta.»



Finn-Erik Vinje har i høst lagt fram et forslag til en språklig revisjon av Grunnloven på initiativ av Stortingets visepresident Carl I. Hagen.

Grunnloven – best på jord?

På veggen i klasserommet på folkeskolen hang Kongeriget Norges Grundlov i glass og ramme. Vi elevene gikk ut fra at dette dokumentet var identisk med den Grunnlov som ble vedtatt i 1814.

■ FINN-ERIK VINJE

Men det var bare nesten riktig. Det var ikke den Grunnlov som Falsen og de andre fikk vedtatt på Eidsvoll, og som beseglet Norges frihet og uavhengighet i mai 1814, som fikk slik hedersplassering i klasserommet, men den reviderte Grunnlov fra november samme år.

Den teksten er ikke identisk med versjonen fra mai. Unionen med Sverige nødvendiggjorde enkelte substansielle endringer, og så passet man samtidig på å foreta noen grafiske og andre språklige justeringer. I mai hadde Eidsvollsfedrene f.eks. skrevet i § 2: «De Indvaanere, der bekjende sig til den [den evangelisk-lutherske religion] ere forpligtede til at opdrage sine Børn i samme.» I november ble dette rettet til «deres Børn». Sånn skulle det hete i korrekt skriftspråk.

Best på jord?

«Jeg troer vor Grundlov bedst paa Jord», sang Henrik Wergeland i 1837, og det kan så menn være at han hadde rett.

Men fullkommen kan loven ikke ha vært, for siden mai 1814 har det kommet mer enn 300 endringer og tillegg. Mer enn to tredjedeler av paragrafene har vært endret en eller flere ganger.

Fryktinngytende gammeldags

Språket i Grunnloven slik den foreligger i dag, er fryktinngytende gammeldags, og som kjent – hvis det er kjent – utformes også nye bestemmelser på det samme alderdommelige språk. Selv sier Grunnloven ingenting om hvordan språket skal være.

Heller ikke i språklig henseende har Grunnloven stått uantastet siden 1814. De som utformet grunnlovsbestemmelser utover på 1800-tallet, skrev stort sett slik som det var vanlig i

juridisk-administrativ og parlamentarisk prosa i samtiden. De oppfattet ikke Grunnloven av 1814 (hverken den i mai eller den i november) som noen rettskrivningsordbok.

Grunnlovskonservatisme hva *innholdet* angår, gjorde seg gjeldende alt i 1820-årene, men konservatismen fikk ikke samme krevende *språklige* uttrykk på 1800-tallet som i det neste århundre.

Revisjonen i 1903

I 1903 ble det gjennomført en modernisering av skrivemåten av en rekke ord i Grunnloven, samtidig som man fjernet noen grammatiske inkonsekvenser som var kommet inn i lovteksten på 1800-tallet. I en del tilfeller hadde 1800-tallets grunnlovsvedtak innført former som var mer moderne enn man fant passende i 1903, og så restituerte man de gamle formene.

Med justeringen i 1903 ble språket i Grunnloven løftet nærmere samtiden, men loven beholdt noen språktrekk som gjennomgående var fremmede for det alminnelige lovspråket fra samme tid, f.eks. flertallsbøyning av verb. «Kongen *har* Ret til i Statsraadet at benaade Forbrydere» (§ 20) – «Alle Indvaanere af Riget *have* fri Religionsøvelse» (§ 2).

Sammenfatningsvis kan man si at Grunnlovens språk, slik det ble lagt til rette i 1903 og ennå foreligger i vår gjeldende Grunnlov, svarer til den språklige praksis i beslektede genre i Norge i siste tredjedel av 1800-tallet. De som gjennomførte revisjonen i 1903, ville at Grunnloven skulle oppbære et konservativt språk; loven skulle fremtre i det hevdede skriftspråk – men med en viss åpning for det nye som hadde funnet inngang i edlere stil.

Stortingets grunnlovsutgave fra 1903 har gjennom hele 1900-tallet vært betraktet som norm for utforming av nye grunnlovsbestemmelser, og forslagsstillerne har nesten alle lagt vinn på å respektere den. Et grunnlovsforslag som i språklig henseende avviker fra 1903-teksten, har siden gjennomgående vært ansett for å være feilaktig utformet.

Språkutviklingen har skutt fart

Nå, godt og vel hundre år etterpå, har jeg – på initiativ av Stortingets visepresident Carl I. Hagen – gjennomgått teksten og gitt Grunnloven en varsom

det ortografiske. Enkelte morfologiske, syntaktiske og leksikalske justeringer må gjøres.

Teksten er løftet opp mot vår tid ved at jeg har fjernet en del av de aldersmerker som gjør teksten vanskelig tilgjengelig. Lovtekstens særegne høytidelige preg er imidlertid ivaretatt, og flere gloser som ikke hører til dagligdags ordforråd, er bevart. En hel del mer eller mindre alderdommelige ord fra den någjeldende teksten er bevart. De er ikke betraktet som avgjørende anstøtsstener for forståelsen, men kan nok formidle inntrykk av at man står overfor en tekst med røtter i fortiden.

«'Jeg troer vor Grundlov bedst paa Jord', sang Henrik Wergeland i 1837.»

språklig ansiktsløftning *ad modum* 1903.

1903-revisjonen var meget forsiktig. En språklig oppjustering i dag, godt og vel hundre år etterpå, må være noe mer omfattende, og det har å gjøre med de språkhistoriske forhold: Avstanden mellom skriftspråket i 1814 og den juridisk-administrative skrivepraksis nitti år etterpå var betydelig mindre enn avstanden mellom 1903-normen og dagens norske skriftspråk. En lesevant person i begynnelsen av 1900-tallet var fortrolig med den ortografi og grammatikk han møtte i Grunnloven etter 1903. Siden da har språkutviklingen skutt fart, og språket i 1903-utgaven fortoner seg for de fleste nordmenn i dag som vanskelig tilgjengelig. Min versjon «gjør 1903 om igjen», men hvis revisjonen skal bety noen reell lettelse for dagens lesere, kan den ikke utelukkende holde seg til

Her er noen eksempler nevnt i fleng (med den skrivemåte som er brukt i forslaget):

å billige, beføyelser, å beskikke, betimelig, allmennvesenet, overordentlig, tarv.

Også en hel del andre tradisjonspregede ord, fortrinnsvis formord (artikler, tallord, pronomen, konjunksjoner og preposisjoner) eller ord med sammenbindende grammatisk funksjon, er bevart i forslaget: *hvormed* (og andre sammensetninger med *hvor-*), *derom* (og andre sammensetninger med *der-*), *hertil* (og andre sammensetninger med *her-*). Relativpronomenet *der* er imidlertid betraktet som så gammeldags at det er sløffet i forslaget (avløst av *som*). I den formelpregede teksten i § 81 er det begrunnende adverbet *ti* bevart (men ikke lenger skrevet *thi*).

Blant de bevarte formene kan også nevnes de modale hjelpeverb *bør* og

må, som i Grunnloven kan avvike i betydning fra den alminnelige bruken i moderne norsk (og bety henholdsvis 'skal' og 'ha lov til').

Gamle kulturord og betegnelser for realia, blant dem en rekke ord som refererer til foreldede institusjoner og ordninger, blir stående urørt, bortsett fra at ordenes ortografi justeres. Det gjøres altså intet forsøk på å erstatte slike ord med andre gloser, eventuelt finne mer moderne, selvforklarende alternativer. Grunnloven er et historisk dokument, og den fordrer iblant at leseren skaffer seg innsikt i historiske forhold.

Det meste av dette ordstoffet befinner seg for øvrig i paragrafer som er helt uten praktisk betydning i dag. Et knippe foreldede ordstammer, avledninger og sammensetninger som har moderne, lettligjengelige ekvivalenter, er i forslaget erstattet av disse. Eksempler (avløseren står i parentes): *blot (bare)*, *tvende (to)*, *trende (tre)*, *Hus-inkvisitioner (husundersøkelser)*, *Religionsøvelse (religionsutøvelse)*, *Ansøgning om Afsked (avskjedssøknad)*, *Gesandt (sendemann)*, *offentlig Rolighed (offentlig ro)*, *Søgnedag (hverdag)*, *stedse (alltid)*, *vorde (bli)*, *ikkun (bare)*, *ubeføjet (uberettiget)*, *ubrødelig (ubrytelig)*,



«Det er en klar forutsetning for den språkjusterte versjonen at Grunnlovens meningsinnhold ikke på noe punkt skal forskyves.»

fornøden (nødvendig), *erlegge (betale)*, *erakte (finne tjenlig)*, *erholde (få)*.

Noen ord som i tidens løp har fått ny betydning, og som – for noens vedkommende – derfor kan være direkte villedende, er skiftet ut med moderne gloser (i parentes står den form ordene

har fått i forslaget):

fallere (gå konkurs), *imidlertid (i mellomtiden)*, *efterlate (unnlåte)*, *fortrinlig Adgang (fortrinnsrett)*, *forelese (opplese)*, *udfordres (fordres)*.

Ingen realitetsendringer

Det er altså en klar forutsetning for den språkjusterte versjonen at Grunnlovens meningsinnhold ikke på noe punkt skal forskyves; revisjonen holder seg strengt innenfor rammen for en språklig-formell justering.

Om nødvendig kan Stortinget i forbindelse med et eventuelt vedtak om en gjennomgripende språklig justering fastslå uttrykkelig at foreliggende justering utelukkende er av språklig art, og at ingen realitetsendringer er foretatt. For øvrig vil jo enhver tolkning av lovens paragrafer måtte skje i lys av den juridiske tradisjon.

Hvor det foreligger risiko for meningsforskyvning, avstår jeg fra å endre og beholder i stedet ordvalget i den gjeldende Grunnloven. Man kunne eksempelvis overveie å erstatte *pinligt Forhør* (§ 96) med *tortur under forhør*, ettersom *pinlig* i den her tilskitete betydning er helt fremmed i dagens språk. Men siden det kan det reises tvil om hvorvidt omskrivningen dekker

nøyaktig samme realforhold, har vi valgt å avstå å foreslå endring.

Her kan også nevnes at Grunnlovens bruk av modale hjelpeverb som *bør*, *må* og *skal* er blitt stående urørt.

Språklig justert er også de såkalte «sovende» paragrafer, som altså fortsatt

kan sove – om enn i nyere nattdrakt. Det gjelder eksempelvis § 98 om sportler og § 103 om fristed for dem som går konkurs.

Sammenfatning

En utførlig redegjørelse for forslaget og en detaljert oversikt over hvilke endringer som er foreslått, blir trykt i et stortingsdokument sammen med den språklig reviderte lovteksten (Dok. nr. 12:16 (2007—2008)). Her skal avslutningsvis nevnes noen kjennetegn ved den reviderte teksten:

Enhetsformer av verb (*han skal – de skal* istf. *han skal – de skulle*); moderne flertallsformer av substantiver; *sin*

Ettertiden har bedømt 1814-Grunnlovens stil og syntaks meget forskjellig; mange iakttakere har latt seg forlede av de alderdommelige ordbildene og har snakket om knot, snirklete språk, keivelig syntaks osv. Det er fullstendig galt. Etter å ha arbeidet grundig med lovteksten gjennom flere år sitter jeg med det stikk motsatte inntrykk. Grunnlovsteksten har flere av de egenskaper som kjennetegner gammel nordisk lovspråklig tradisjon: konsentrasjon i stilen, ordknapphet og enkel setnings- og periodebygning. Halvdan Koht talte treffende om «det greie og klare språk i grundloven».

Til sist en forsikring til dem med

- «Grunnlovsteksten har flere av de egenskaper som kjennetegner gammel nordisk lovspråklig tradisjon: konsentrasjon i stilen, ordknapphet og enkel setnings- og periodebygning.»

(ikke *deres*) under refleksiv henvisning til flertallssubjekt i tredje person. Videre korte verbformer som *bli* (ikke *blive*), *dra*, *ha*, *ta*, *tar*; liten forbokstav i fellesnavn; moderne stavning av fremmedord (*dispensasjoner*, *miljø*, *poeng*); *øy* (*høy*) i stedet for *øi*; *å* i stedet for *aa*; infinitivsmerket *å* i stedet for *at*; *ks* (*straks*) i stedet for *x*; *v* (*av*) i stedet for *f*; *t* (*Stortinget*) i stedet for *th*; moderne fordeling *e/æ* (*velge*), *nd/nn* (*henne*), *ld/ll* (*bifalle*); moderne fordeling *k/g* (*språk*), *p/b* (*ekteskap*), *t/d* (*møte*); dobbeltkonsonant i tilfeller som *opp*, *flagg*.

Hva tegnsettingen angår, er den någjeldende grunnlovsteksten meget ujevn. I mitt forslaget er kommateringen konsekvent gjennomført etter moderne prinsipper.

sans for språklig pietet og historisk sammenheng: En forsiktig ansiktsløftning betyr ikke noe brudd med arven fra Eidsvoll – det bruddet kom allerede i 1903.

Årstallet 1814 lyser med gullskrift i vår historie. Samme lyskraft har ikke 1903, og det er vanskelig å se at rettskrivningsrevisjonen akkurat det året skal være av slik skjellsettende betydning at dens detaljer skal bli stående uantastet for all framtid.

.....

Finn-Erik Vinje er professor emeritus og har i mange år undervist i norsk, blant annet ved Universitetet i Oslo.

Flyteknisk terminologi

«Vi får ikke fjula fly 683 i shelter 504 fordi vi har våpensnag», sa en av dem som var til stede på et informasjonsmøte for jagerflyteknikere ved Bodø hovedflystasjon.

■ WENCHE S. HARDELAND

For en utenforstående gir setningen liten mening, men de involverte vet at F16-fly 683 i flybunker 504 har en feil i våpensystemet som gjør at man ikke kan fylle drivstoff. En slik blanding av engelsk og norsk er typisk for hvordan flyteknikere tar inn engelsk i arbeidsspråket sitt.

Eksemplet er hentet fra masteroppgaven min, der jeg undersøkte i hvilken grad flyteknikere bruker engelsk flyterminologi i arbeidsspråket sitt, og på hvilken måte de tar opp de engelske fagordene i språket sitt generelt. Jeg ville også finne ut om ordene blir brukt i sin opprinnelige form, eller om de blir integrert og brukt som om de er norske, med norsk uttale og bøyning. Helge Sandøy definerer slik tilpassing til norsk språk som *norvagisering* i utredningen *Lånte fjører eller bunad? Om importord i norsk* fra 1997. Undersøkelsen min ble utført blant flyteknikere ved Bodø hovedflystasjon og ved Luftforsvarets skolesenter Kjevik.

Teknolekt

I hovedtrekk viser undersøkelsen at flyteknikerne har et eget flyteknisk språk, en såkalt teknolekt, som er et eget ordforråd knyttet til et bestemt

fagområde. Det spesielle med språket til flyteknikerne er hvordan de bruker de engelske flytekniske ordene med norsk uttale og bøyning og tilpasser bruken til sin egen dialekt. Som teknikeren i Bodø sa: «Nu har vi postflaita (postflighta) flyet og e færdig førr i dag!»

Flyterminologi

Undersøkelsen min bygger på observasjoner og intervjuer og et spørreskjema om bruk av engelske fagord og faguttrykk. Eksempelene på ord som var med i undersøkelsen, spenner fra de mer generelle *fuel* (= forsyne med brensel), *cockpit* og *nozzle* (= utslippsdyse for fartsgasser) til de mer fagspesifikke *launch* (= skyte ut eller sende ut til avgang), *fan module* (= vifte-modul) og *pylon* (= festemast til våpen/missiler). Flere flytekniske fagområder var representert blant teknikerne. Jo mer fagspesifikt et uttrykk er, jo mer er bruken av den engelske termen begrenset til et bestemt fagområde innen flyteknisk vedlikehold.

Fagord kontra allmennord

Undersøkelsen omfattet 12 verb og 26 substantiv. Noen av de engelske

termene ble brukt av nesten alle flyteknikerne, mens enkelte ble benyttet av bare noen få. Verbet *fuel* er et generelt flyteknisk uttrykk, og undersøkelsen viste at alle bruker det, alltid eller i svært stor grad. Det samme gjelder for verbene *torque* (= vri), *stall* (= steile (om fly) eller stanse (om motor)) og *connect* (= koble sammen). De blir brukt på alle fagområdene. Et eksempel på et svært spesialisert verb er *borescope*, uttalt /boreskope/, som betyr 'å bruke et instrument som heter *borescope*, for å lete etter feil inne i systemene'. Dette instrumentet brukes

styrer seg selv etter avfiring), *static discharger* (= avmagnetiserer) og *strake* (= overgang i forkant av vingen) ble brukt mest innen de spesialiserte faggruppene. Teknikerne forsøkte heller ikke å oversette begrepene til norsk i sitt daglige arbeid.

Fornorsket form?

Flyteknikerne ble også spurt om i hvilken grad de brukte norsk uttale og bøyning av de engelske ordene. I tillegg ga intervjuer og lydopptak et godt grunnlag for å analysere graden av norvagisering. Med et par unntak var

- «Jo mer fagspesifikt et ord er, jo mer er bruken begrenset til en enkelt faggruppe, og jo oftere brukes de engelske termene.»

av teknikere på F16-fly. For eksempel vil en motortekniker *boreskope* i motoren for å finne *snag* (= feil). Dette kan tyde på et skille mellom de verbene som har mer generell betydning for alle flyteknikerne, og de som knyttes til spesifikke flyfaglige aktiviteter. Verbene i den siste gruppen ble sjelden oversatt til norsk eller erstattet av andre norske verb.

Undersøkelsen av engelske substantiv viste mye av det samme som for verbene, nemlig at jo mer fagspesifikt et ord er, jo mer er bruken begrenset til den enkelte faggruppe, og jo oftere brukes de engelske termene. Når det gjelder termer som er spesifikke for F16-fly, var tendensen klar. Ord som *flaperon*, *pylon* og *canopy* beskriver henholdsvis et spesielt rorsystem, et oppheng for missiler og dekselet til flygerkabinen og blir brukt av alle F16-teknikerne. Spesialiserte begreper som *fire and forget missile* (= missil som

resultatet at i den grad teknikerne brukte ordene, brukte de dem som om de var norske. Verbene ble uttalt og bøyd som om de var norske, med særtrekk fra dialekten til den som brukte dem. Mange av teknikerne i undersøkelsen snakker bodødialekt. Et trekk ved bodødialekten er apokope (bortfall av en sluttvokal), bl.a. bortfall av e-endingen i infinitiv. En flytekniker fra Bodø-området ville kunne si «Æ ska ut og *fjul* flyet», mens andre vil si «Jeg skal ut og *fjule* flyet». For alle verbene gjaldt det at brukt i norsk blir importverbene norvagisert, i samsvar med den enkeltes dialekt. Spesielt framtrekkende er det også at kort a blir til norsk /æ/ som i *snag* /snægg/ og *strap* /stræpp/ (= feste noe med stropp).

I *Lånte fører eller bunad?* står det at hovedregelen er at importord bør tilpasses norsk ortografi og fonologi. De importordene som undersøkelsen

min omfatter, har jeg skrevet ned lydrett fra opptakene. Når teknikerne skriver de flyrelaterte ordene i et dokument eller i en rapport, brukes de i sin opprinnelige (engelske) form og får ikke fornorsket stavemåte.

Terminologi og oversettelse

Diskusjonen om bruken av engelske importord engasjerer mange. Skal vi alltid finne norske avløserord for importordene, eller kan vi godta de engelske ordene slik de er? Her skiller man ofte mellom fagspesifikk terminologi og allmennord. Flyteknikerne var samstemte i at de brukte de engelske termene og ikke forsøkte å oversette. De hadde to hovedbegrunnelser for ikke å oversette: Den ene var at det var vanskelig å få til en presis og god norsk oversettelse. Hvis en oversetter en term som *air refuel receptacle* til *inntak for etterfylling av drivstoff i luften*, er det både tungvint og upresist. Det andre, og kanskje viktigste, argumentet for ikke å oversette er flysikkerhet. Når alle bruker de engelske begrepene, vil teknikerne kommunisere lettere når de er ute på internasjonale oppdrag, og faren for misforståelser er betydelig mindre. I tillegg er alle håndbøker på engelsk, og teknikerne lærer terminologien på engelsk fra den dagen de begynner opplæringen sin. Som en av teknikerne i Bodø sa under intervjuet: «De her begrepan e sausa inn i ryggmargen vårres.» Men det gjaldt først og fremst i jobbsammenheng. Utenom arbeidsmiljøet forsøkte de fleste å bruke norske ord, selv om enkelte *fulte* bilen og reparerte *snag* på symaskinen til kona.

Akronymer og bokstavforkortelser

Mange av de sammensatte engelske faguttrykkene er lange og ofte vanskelige å uttale. Det er derfor vanlig å bruke akronymer eller bokstavforkortelser i stedet. Et eksempel er *Digital Electronic Engine Control*, som blir til akronymet DEEC og uttales /diik/. En motortekniker ville sagt *Vi har snag på diiken i fly 683*. I bokstavforkortelser uttales hver bokstav som én bokstav, for eksempel JFS, *Jet Fuel Starter*. Teknikerne sier *je-eff-ess* med trykk på hver bokstav. Alle teknikerne vet hva *jeeffessen* er, og undersøkelsen viste at de nesten aldri uttalte de engelske ordene fullt ut i slike uttrykk, men brukte bokstavforkortelser.

Blandingsuttrykk

Svært ofte blir det brukt både norske og engelske termer i et sammensatt ord eller et begrep. En tekniker leser av *fueltrykket i fueltanken* og bruker riktig *torqueverdi* når han skal skru fast en bolt. Et mer avansert uttrykk er *trettende trinns bleeder*, som er utslipp av blødeluft (avlufing) fra kompressoren i motoren. I slike sammensatte ord og uttrykk består ofte den norske delen av allmennord og den engelske av fagord. Det er typisk for denne typen blandingsuttrykk.

.....

Wenche S. Hardeland har mastergrad i engelsk språk og underviser i flyteknisk engelsk ved Luftforsvarets skolesenter på Kjevik. Hun har hatt mastergradsstipend fra Språkrådet.



Lyden av teikneseriar

BOO! sa nevøen, han skulle skremme onkel Donald og onkel Skrue i Donald Duck & Co 12/2008. Og dermed er teikneseriespråkutviklinga godt i gang.

■ OLAV NORHEIM

Det heiter ikkje lenger BØ, det heiter BOO no. Til og med når Donald skal skremmast på norsk. Då blir språkspørsmålet: Kva skjer med det norske teikneseriespråket? Korleis ser det ut no?

Teikneserien er eit internasjonalt medium med eit internasjonalt skriftleg og munnleg språk, særleg USAsk, som føredøme og dels som bruksspråk. Her i landet har vi dessutan eit eige norsk teikneseriespråk, som i hovudsak er bokmål.

BLAM-idealet

Teikneseriens språk (utanom teikningane) er mest tekst og noko symbol. Når nokon søv, er det stort sett ZZZZZZ, anten trøytingen heiter Donald eller Smørbukk. Språklege ideal, rolleforståing, sjanger, redaksjonelle og grafiske stordriftsfordelar og -avgrensingar avgjer om eit dunk i ein teikneserie heiter *dunk*, *doink*, *crack* eller *sock*. Ofte er utbrotet eller lydeffekten ein del av ei ferdiglagra farge-teikning. Då får dei ikkje endra CRUNCH til SKRALL. Då endrar dei radt ikkje BOO til BØ heller, sjølv om bokstavane ligg lettvtint til i ei boble utanfor sjøve teikninga og dermed kan endrast.

CLICK CLACK

Det er som Oliwia Szymańska forvitteleg skriv om teikneserielydar i

Språknytt 2/2008: Nokre lydar er mindre enn andre, og derfor har dei *i i* seg. PIV, klynkar ein ynkeleg Pluto. Ein modig hund voffar WOARF! Men det er ikkje heilt eintydig: Når hjelparen til Fantomet låser opp døra i fangeholet, høyrer vi, nei ser vi, eit CLICK! Når same venen like etter låser opp handjerna, kjem eit CLACK! (*Fantomet* 24/2007).

KVEKK! KVEVEKK!

I Hundremeterskogen kvekkar frosken KVEKK! KVEKK! KVEVEKK! Når vi veit at frosken seier *kvekk*, er det moro for målgruppa, og endå meir moro når vi skjønar at det står *kvevekk* (*Ole Brumm og vennene hans* 7/2008). Steinen som Ole Brumm og Tigergutt skal dytte ned frå Vippetoppen, lagar lyden BULDRE! når han trillar, og PLASK! når han fer tvers over elva, og BLOM! når han råkar stakkars Tussi. Den vesle reven Ville i *Bamse – verdens sterkeste bjørn* (8/2008) ropar GISP! når døra seier GNISS! og KNIRK! Dette er lydeffektar på eit språk vi oppfattar som norsk, altså slik vi er vande med. Målgruppa er småungar.

Sa det PANG?

Når Mikke og Langbein er så uheldige at dei spring rett på kvarandre i skogen, ser vi gule stjerner og lyden THUD! Steinen som Langbein dyttar ned mot

Teikning © Torbjørn Lien



bandittbilen, lagar lyden CRUNCH! Skytarane til lensmann Fiks gir frå seg to store BLAM BLAM! Ringer telefonen til onkel Skrue, seier det RIIING! Punkterer bilen til B-gjengen, eller ein dei like gjerne kan ha stole, seier det PANG! (*Donald Duck & Co* 14/2007 og 12/2008). Både norske lydar og engelskspråklege USA-lydar er då å sjå, mest av det siste. Noko har hendt. I *Mikke Mus* i 1986 sa skogen konsekvent KNEKK KNAKK STAMP TRAMP når elgen kom trampande. Ville skogen ha sagt det same i haust?

Sa det *pang*? *Bangen* er på veg fram. *Pangen* er på veg bakover, etter mi noko uvitskaplege og lystbetonte teikneserielesing. Vi er frå gamalt av eit hardført og velartikulert *p*-folk nord for Sørlandet, ikkje *b*-folk, men lydar og lydforståing og bokstavfunksjonar endrar seg etter kvart. Spennande. Vi får lesa Donald att om eitt og ti og 20 år og sjå kva slags lydar revolveren til lensmann Fiks lagar då.

GLEFS, RAP, NAM på norsk

Så langt omsette seriar. No to norske: Lyden og synet av KRÆSJ, DUNK og KRAKK møter oss når ridddar Timian slår inn døra i *Ridderne av Dor* nr. 5 av den norske teikneserieskaparen InkaLill. I *Kollektivet* 2/2008 av Torbjørn Lien utfaldar dei seg i både JAFS, SLAFS, TYGG, YUM, GNAFL, GOML, UUMA, GLEFS, RAP, NAM, TYGG, SMATT når Mounir og Magda er ute og et på date. Norsk humor og norsk slafsing.

Heller ikkje i teikneserieverda er det slik at «sånn er det bare» i språkvegen, slik majoritetskulturaristar har lett for å tru om mykje. Bak kvart eit *bang* og *pang* og *blam* som kjem på trykk, ligg det ei holdning og ei handling og ei språkstyring. Det kan vera grafisk-tekniske og økonomiske tilhøve som ligg bak, tankar og tankeløyse inni hovudet på teikneserieskaparen eller ein redaktør – eller teikneseriehumor.

.....

Olav Norheim er skribent

Norsk teiknspråk

– eit levande minoritetsspråk

I Stortingsmelding nr. 35 (2007–2008) godkjenner departementet norsk teiknspråk som fullverdig språk og seier at det overordna offentlege ansvaret skal bli forankra i lovverket.

■ ODD-INGE SCHRÖDER

Dei fleste primærbrukarar av teiknspråk (om lag 5000) er døve, men ei mengd høyrande kan òg teiknspråk. Dei kan vera foreldre til døve, lærarar, tolkar, prestar osv., så ei kvalifisert gissing er at bortimot 20 000 i Noreg nyttar dette språket i større eller mindre grad.

Kva er teiknspråk?

I innføringsbøker i språkvitskap står det at teiknspråka er allment aksepterte som språk. Det er altså ein språktype der ein nyttar hendene til ulike utformingar, rørsler og plasseringar på kroppen eller framfor kroppen. Samstundes går augnebryn opp eller ned, og blick og munnrørsler vekslar. Teiknspråka er *visuelt-gestuelle språk-system*, talespråka *auditivt-vokale*. Nemningane seier noko om kva for sans ein oppfattar språket med, og kva for fysiske middel ein nyttar til å uttrykke seg. Talespråka nyttar røyst/ikkje-røyst, teiknspråka hendene. Både kroppspråk i mikro- og makroform.

I teiknspråk er det to former for munnrørsler: eigne rørsler (eigne munnstillingar eller mouth gestures) og lån frå norsk talespråk (ordbilete

eller mouthing). Ordbilete er det ein kan lesa på leppene, og 30-40 % av språkljodane kan ein sjå på leppene. I røynda er ordbileta skifta etter reglane til teiknspråket på line med at nordmenn flest uttaler det franske ordet *entrecote* etter norske reglar og ikkje etter franske. Eit døme er teiknet *rolig* hjå dei vaksne døve, som mykje formelt kan ha ordbilete /roli/ nesten som det kan kviskrast på norsk. I meir uformelle samanheng vert det /oo'ii/.

Eit anna hjelpemiddel er eit handalfabet, som nyttar hendene til å gje att dei grafiske symbola i skriftspråket. Handalfabetet kan danne bru mellom talespråket og teiknspråket, men handalfabet er ikkje det sentrale i eit teiknspråk, det ligg i periferien. Å nytta handalfabetet for mykje er eit merke på at ein ikkje kan nok teiknspråk.

Kvifor er det dialektar og andre skilnader?

Avstand, undervisningsmetodar og haldningar til språk og dei døve kan forklåra dialekt og andre skilnader i teiknspråket. Patologisk eller audio-sentrisk er den døve ein avvikar frå norma: Han kan ikkje høyra og ikkje

tala skikkeleg, av di han ikkje høyrer seg sjølv tala. Det kan på godt og vondt føra til haldningar til dei døve, undervisninga av dei og spørsmålet om kva for eit språk dei skal og lyt nytta.

Døve i grupper kommuniserer visuelt. Ein har 2400 år gamle døme på at døve nytta teiknspråk. Det er deira måte å overvinna kommunikasjonsproblema på. Språkvitskapen ser på teiknspråk ikkje som eit «handikappa» språk, men som eit naturleg, spontant utvikla og rikt språk.

Historia til norsk teiknspråk

Norsk teiknspråk har vore nytta sidan 1815, då den første døve læraren, Andreas Christian Møller, underviste fire døve elevar privat i Trondheim. Han hadde gått på den fyrste døveskulen i København. Mykje av teiknspråket var nok henta frå dansk teiknspråk. Slektskapet kan me sjå den dag i dag. Møller nytta teiknspråk med handalfabet, så elevane lærte å lesa, skriva og rekna og nytta teiknspråk. Undervisninga var såleis tospråkleg. Av di undervisningstida var så stutt, lærde dei aller fleste døve ikkje å tala. Seinare kom talemetoden, som ikkje nytta teiknspråk i undervisninga, og difor vart eittspråkleg. Men teiknspråk levde vidare i internat på døveskulane, i døveforeiningar og i døvekyrkjer i Noreg. Ei lang undertrykking av teiknspråk i skulane var fyrst stoppa på 1970-talet.

To språktypar

Ein fekk eit språkstrev hjå fleire døve med meir ordbilete på munnen og syntaks så nær norsk som mogleg. Teiknspråket skulle liggja så nær norsk talespråk som råd. Denne haldninga førde til to typar språkleg framføring:

«vanleg teiknspråk» med ein rik morfologisk struktur og eigen syntaks og «ordentleg teiknspråk», som er ei blandingsform. I mange år var pidginforma i høgsetet: di nærare norsk, di betre. I dag er det vel heller slik at dei som har teiknspråk som sitt andre eller tredje språk – dvs. høyrande, integrerte og dei som vert døve i vaksen alder – har ei pidginform.

Dialektar

I 1848 fekk Kristiania den første døveskulen. Han var bygd på blandingsmetoden: Fyrst skulle ein nytta teikn til dei små døve elevane og så gå over til talemetode. Det påverka teiknspråket i Sør-Noreg. Lenge kunne ein sjå det på valet av teikn. Teiknføringa i nord var større enn i sør. På mange måtar var ho meir malerisk og rikare på metaforar.

Eg hadde ein onkel, fødd 1900, som gjekk på døveskulen i Trondheim. Han flytta til Oslo, men heile livet nytta han trondheimsdialekten. Ein gong vart han snakka til rette av husfar i døveforeininga i Kristiania. Dialekten hans var «støytande» og ikkje passande for den «rolege og kultiverte» dialekten i Oslo! Det er sers lite forskning kring dialekt i norsk teiknspråk. Eg og mange andre døve har kunnskapar som ikkje er komne på prent.

Norsk teiknspråk i dag

Det er meir kontakt enn før mellom døve gjennom reiser, flytting, årlege kultur dagar og konferansar, så dialekt-skilnadene er mindre no enn for 50–70 år sidan. Mange har ein viss vørndnad for trondheimsdialekten som eit døme på «ekte» teiknspråk.

Døve innvandrarar snakkar norsk teiknspråk med kvarandre, med aksent, fyrst og fremst i form av noko annleis

rørsler med hendene og munnen. Meir enn 30 døve ungdommar har vore i USA på utveksling eller studietur, så ein god del kan frasar og teikn frå American Sign Language. Dei fleste av dei unge er integrerte i vanleg skule, nokre med teiknspråktolkar. Ein reknar med at 30 % av dei som nå er under tretti år, har gått på døveskular, jamført med 90 % av dei som no er over 60. Såleis har mange ungdommar gått i ørsmå klassar eller i klassar med tolk. Somme trur at tekniske hjelpemiddel skal gjera døve og høyrselehemma høyrande, men dei vil alltid halta i talespråkleg kommunikasjon. Eg har måtta vera tolk mellom mor mi og dotter mi av di dei brukte nokre vendingar og uttrykk ulikt. Mor mi kunne t.d. seia på teiknspråk *ved seinare leilighet*, medan dotter mi trudde at ho skulle ha *ny leilighet!* Omvendt er det egne teikn for *teit*, *sinnsjukt*, som eldre døve ikkje kjenner.

Det er meir enn 10 år sidan dei fyrste døve elevane i grunnskulen fekk teiknspråk som eige fag. Mange går no i vidaregåande skule og har eksamen i teiknspråk. Døve elevar får tospråkleg undervisning. I nærkommunikasjon skapar teiknspråk gruppekjensle der høyrsetapet er mindre viktig. I fjernkommunikasjon er norsk heilt naudsynt. 50–60 døve har teke eksamen på universitetsnivå i teiknspråk med 60–80 studiepoeng. For tida held fire døve på å skriva mastergradsoppgåve om teiknspråklingvistiske emne.

Normering?

Noregs døveforbund freista på 1970-talet å normera norsk teiknspråk ut frå det synet at teiknspråk ikkje er eit språk, men er underordna norsk. Men det gjekk ikkje.

Det som påverkar norsk teiknspråk, er sjølvsagt norsk frå alle kantar gjennom grannar, vener og slektningar som snakkar norsk, norske aviser og tekstar på tv. Alt dette gjev omgrep som det vert skapa nye teikn til. Teiknspråk frå andre land kan òg påverka. Mange døve nyttar teikna *ekte* og *professor* frå svensk teiknspråk, *tre* frå amerikansk, *buss* frå nederlandsk og *pedagogikk* frå dansk. Ein nyhendeopplesar på tv nytta i ei og same melding tre ulike teikn for *politi!* Dialektskilnader eller alderskilnader!

Me kan merke ulike retningar når Teater Manu (norsk teiknspråketeater) oppfører skodespel. Skal det vera norsk teiknspråk på scenen eller eit høg-litterært kunstspråk (frå andre land i Europa og frå USA, som ikkje alle skjønner) med utanlandske skodespelarar (som ikkje kan norsk teiknspråk)? Diskusjonen kan minna om striden på 1800–1900-talet, fyrst om dansk eller norsk scenespråk, sidan om bokmål eller nynorsk på scenen.

Dei viktigaste kjeldene for nyskaping og utvikling er norsk teiknspråk på scenen og nyhendesendingar på tv, som *Tid for tegn* og andre teiknspråkprogram. Men også folk med høgre utdanning lærer seg nye fagtermar og gjev dei teikn. Det er i dag ingen som normerer norsk teiknspråk.

.....
Odd-Inge Schröder er første-amanuensis i teiknspråk og tolking ved Institutt for spesialpedagogikk, Universitetet i Oslo.

Advent

Advent er en kortform av det latinske substantivet *adventus*, som igjen er en forkortelse av *adventus Christi*, 'Kristi komme'. *Adventus* er dannet av *ad*, som betyr 'til', en verbrot *ven*, som betyr 'å komme', og et substantivdannende suffiks *-tus*.

Nissen

På julaften kommer nissen til mange norske barn. *Nisse* er en kjæleform av *Nils*, som i sin tur kommer av *Nikolaos*, et gresk helgennavn. Helgenen Nikolaos levde i Lilleasia og ble vernehelgen for barn. Nissen har altså navnet sitt etter *Sankt*

Nikolaos. På engelsk har de brukt sistedelen av navnet hans: *Santa Claus* (= Sankt Nikolaos).

I norsk folketro var *nissen* et vette som holdt til i nærheten av folk, særlig på tunet og i uthusene på gården. Folk tenkte seg ham som en liten, gråkledd mann med rød topp-lue og langt skjegg. Noen steder ble nissen kalt *gardvord*, *tuftekall* eller *tunkall*. *Julereia* var i folketroen et følge av onde vetter som red gjennom lufta ved juletider og gjorde skade. *Juleskreia* og *åsgårdsreia* er andre ord for det samme.

Lydar som forsvinn

Avisene skriv av og til om unge menneske som ikkje gidd eller ikkje kan uttala *kj*-lyden. Dei nyttar *sj*-lyden i staden og skil altså ikkje mellom t.d. *kjenne* og *skjenne*, *kinn* og *skinn*, *kjefte* og *skjefte*. Men at to eller fleire lydar fell saman i ein, er ikkje noko nytt i språkhistoria.

Harald Hårfagre, som døydde ca. 933, og kong Sverre, som døydde i 1202, hadde ikkje problem med å skilja lyden *th*, som er den same lyden som t.d. i engelsk *thing*, og som dei på norrønt skreiv *þ*, frå rein *t*. Britane har dette skiljet framleis. Men moderne norsk har det ikkje. Dei to kongane sa *thrjú tré*, britane seier *three trees*, og me seier *tre tre*.

Norrønt hadde òg to d-lydar, t.d. *góðr* *dagr*. Bokstaven *ð* hadde på norrønt den same uttala som *th* i moderne engelsk *that*. Denne lyden har falli bort i norsk, så no heiter det *god dag*.

Tidleg i norrøn tid hadde dei to r-ane i f.eks. *refr*, som tyder 'rev', ulik uttale, for dei hadde ulikt opphav. Den første r-en i *refr* var opphavleg, den siste var i eldre tid ein stemd s. Men før kong Sverres tid hadde båe r-ane fått den uttala som me har no.

Uttransport

– hjemreise, tvangsretur eller deportasjon?

I 2007 ble 2628 personer uttransportert fra Norge av politiet. Ord som *hjemreise*, *tvangsretur* og *deportasjon* blir alle brukt som betegnelse på den samme praksisen.

■ ÅSNE HAGEN

Uttransport kan defineres som det at en person uten lovlig opphold i et land blir fjernet fra landets territorium med makt. I mediene omtales dette ofte som at noen blir kastet eller sendt ut av landet. *Hjemreise*, *tvangsretur* og *deportasjon* har svært forskjellige konnotasjoner. Hvilke ord aktørene griper til, sier dermed mye om deres standpunkt i et område som er preget av interessemotsetninger.

Språkbruk og omdømme

I forbindelse med en masteroppgave i sosiologi dybdeintervjuet jeg et utvalg ansatte i politiet som jobbet med uttransport, og analyserte deres felles strategier for å mestre den arbeidsoppgaven. Uttransport innebærer uvegerlig et element av tvang. De politiansatte skal sette i verk vedtak som hovedsakelig er fattet i tidligere ledd, uten å sette spørsmålstejn ved grunnlaget for avgjørelsene.

Samtidig som utlendingsloven skal håndheves på en effektiv måte, må politiet ivareta hensynet til sitt eget omdømme i møtet med så vel publikumsreaksjoner som dramatiske

medieoppslag. Det er på denne bakgrunnen vi må forstå bruken av ordet *uttransport* som et strategisk valg når en omstridt praksis blir presentert for offentligheten.

Ikke nøytralt begrep

Når jeg velger politiets offisielle term – uttransport – som utgangspunkt for diskusjonen, er det fordi nettopp det ordet synes å ha vunnet terreng i politisammenheng, på bekostning av andre ord. Det dokumentet som regulerer vilkårene for uttransport internt i politiet, heter «Instruks for uttransportering av utlendinger etter vedtak truffet i medhold av utlendingslovgivningen.» I det følgende er den omtalt som *Instruksen*.

Samtidig blir betegnelsen *uttransport* gjenkjent (om ikke brukt) også av andre aktører som på en eller annen måte kommer i berøring med fenomenet: aktivister, medier og publikum. Men det valget jeg har gjort, hviler ikke på noen illusjon om at ordet *uttransport* er nøytralt. Tvert imot vil jeg hevde at det er like subjektivt som andre betegnelser på samme praksis.

Gufs fra fortiden

Ordet *deportasjon* stammer fra latin *deportare*, som betyr 'bære eller føre (bort)', som i f.eks. *deportasjon av politiske fanger*. Det å deportere noen kan innebære at man forviser dem til et fjerntliggende sted.

Ordet tynghes med andre ord av ubehagelige historiske konnotasjoner til straffekolonier i Sibir og jødeutryddelsene under annen verdenskrig. Da tyskerne deporterte de norske jødene gjennom en storstilt politikkaksjon i november 1942, endte ferden i konsentrasjonsleiren Auschwitz.

fra den uttransportertes side. Som betegnelser på uttransport framstår begge uttrykkene som eufemismer.

Utreise framfor *uttransport* betoner at den som saken gjelder, er subjekt i situasjonen snarere enn objekt for det som skjer. Om dette er et utslag av deskriptiv eller normativ språkbruk fra politiets side, er vanskelig å si. Men det er tydelig at tanken om frivillighet på dette området ofte brukes om noe som like gjerne kan oppfattes som resignasjon: «Med 'frivillig utreise' menes at utlendingen innretter seg etter vedtaket og kontakter politiet for å få



«Språket er et minefelt når det skal settes navn på fenomener der ulike interesser støter sammen.»

I lys av dette er det forståelig at et ord som *deportasjon* glimrer med sitt fravær i politiets dokumenter om uttransport. Aktivister som jobber mot uttransport, har imidlertid tilegnet seg termen og bruker den for å sette kritisk søkelys på denne praksisen og framheve det politiske i noe som ellers gjerne kan framstå som en rent teknisk prosess.

Under kampanjen mot utsendelse av afghanske flyktninger, der «Stopp deportasjonene» var et sentralt slagord, ble deportasjonsbegrepet i noen tilfeller overtatt av mediene, som i denne bildeteksten fra juni 2006: «Flere hundre deltok i demonstrasjon mot deportasjon av afghanske flyktninger i Oslo onsdag.»

Reise ut eller reise hjem?

Både *utreise* og *hjemreise* brukes løst om uttransport i ulike sammenhenger, særlig når uttransporten blir gjennomført med en viss grad av samarbeid

ordnet det praktiske rundt reisen», heter det i Instruksen.

Hjemreise utlegges i ordboka som 'reise til hjemmet, hjemstedet, hjemlandet'. Ordet *hjemreise* markerer dermed en forestilling om opphavslandet til en person som et autentisk og egentlig hjemland, uavhengig av hvor knyttet han eller hun måtte være til Norge. Det samme kan spores i et ord som *repatriere* – å returnere noen til *patria*, fedrelandet: 'å sende (flyktninger, deporterte o.l.) tilbake til hjemlandet (og gi dem borgerretten igjen)'. I praksis kan det være vanskelig av flere grunner, og for mange av dem som repatrieres, vil det angivelige hjemlandet ikke lenger føles som *hjemme*. Noen har tapt kontakter og nettverk etter mange års fravær og kan få problemer med landets myndigheter. En rekke land nekter dessuten å ta tilbake statsborgere som tidligere har forlatt landet, for eksempel av politiske årsaker.

Fronter ikke tvang

Tvangsretur, tvungen retur, tvangsreturnering og lignende betegnelser opptrer fra tid til annen i den offisielle språkbruken hos politiet: «Med 'tvangsmessig utreise' menes at utlendingen ikke har innrettet seg etter vedtaket, eller trolig ikke vil gjøre det, slik at pågrepelse eller andre tvangsmidler må benyttes i forbindelse med effektivering av vedtaket.»

Noen av de politiansatte som jeg



«Det er neppe tilfeldig at tvangsretur ikke er en del av det offisielle vokabularet.»

intervjuet, syntes uttrykk som *tvungen retur* var dekkende for arbeidsoppgaven, og hadde derfor ikke noen innvendinger mot å bruke dem. Inntrykket mitt er likevel at disse betegnelse sjelden brukes utad. De er i stor grad spesifikke for konteksten. Ord som *tvangsretur* brukes ikke i medienes dekning av uttransport, er ikke innarbeidet i språket hos et bredere publikum og gjør seg i liten grad gjeldende i den offentlige samtalen.

Det spesielle med disse betegnelse er at de ikke underslår tvangselementet i *uttransport*, og det er nærliggende å tro at det er årsaken til at de sjelden blir brukt fra offisielt hold overfor opinionen.

Strategisk bruk av *uttransport*

I offisiell politisammenheng er altså *uttransport* den framherskende betegnelsen. Flere politiansatte i utvalget mitt forkortet det ganske enkelt til *transport*, et trekk som også forekommer i Instruksen: «Med 'transportfører' menes leder av transporten.» Det har en prosedural klang som leder opp-

merksomheten bort fra at det er mennesker som blir transportert.

I allmennspråket har betegnelsen *uttransport* konnotasjoner til frakt, samleband, logistikk og håndtering av materielle objekter. Talende i så måte er det at ordboka definerer uttransport som 'transport ut av et område' og henter eksempelet fra skogbruk: *uttransport av tømmer på skogsbilvei*.

Språket er et minefelt når det skal settes navn på fenomener der ulike

interesser støter sammen. De konflikten som oppstår ved omstridte uttransporter, viser hvordan håndhevingen av utlendingsloven har konsekvenser som vi ikke alltid ønsker å bli konfrontert med. Strategisk balansegang overfor en politisk svingende opinion kan være en årsak til å velge begreper med nøytralt, upersonlig og tilslørende preg heller enn politiserte, kritiske og problemorienterte begreper.

Om det skulle bli bred enighet i offentligheten om å kalle *uttransport* for *deportasjon*, er det mye som står på spill. En slik dreining går ikke bare ut over anseelsen til politiet og deres arbeid med uttransport, men kan også undergrave Norges bilde av seg selv som humanitær stormakt. Det er neppe tilfeldig at *tvangsretur* ikke er en del av det foretrukne vokabularet fra offisielt hold når uttransport står på dagsordenen.

.....

Åsne Hagen har mastergrad i sosiologi.

OM SPRÅKRÅDET

Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og er underlagt Kultur- og kyrkjedepartementet. Målet for arbeidet i Språkrådet er at norsk skal vere i bruk i alle delar av samfunnslivet også i framtida – og ikkje bli sett til sides av engelsk.

Vi vil gi det offentlege, næringslivet og folk flest tru på at norsk språk duger, og derfor arbeider vi for å auke kunnskapen om norsk språk. Dette gjer Språkrådet for å styrkje stillinga til det norske språket:

- Vi informerer på nettsidene og i publikasjonane våre om god og rett norsk
- Vi svarer på om lag 10 000 språkspørsmål på e-post og telefon i året
- Vi arrangerer konferansen Språkdagen kvart år for å skape debatt om aktuelle utfordringar for norsk språk
- Vi har ei eiga språkteneste som gir råd til statstilsette om korleis dei kan skrive klart og godt
- Vi arbeider for at ikt-produkt skal byggje på norsk tekst og tale, og for å utvikle norskspråkleg fagspråk og terminologi
- Vi gir diplom til næringsdrivande som har gitt verksemda eit godt, kreativt norsk namn
- Vi godkjenner ordbøker og ordlister til bruk i skulen
- Vi fører tilsyn med at alle statsorgan følgjer krava til fordeling av bokmål og nynorsk
- Vi gir råd om korleis stadnamn skal skrivast på kart og vegskilt
- Vi samarbeider med offentlege og private institusjonar om tiltak som styrkjer bruken av norsk
- Vi forvaltar rettskrivinga i nynorsk og bokmål og følgjer med på korleis språket utviklar seg

Direktøren i Språkrådet er leiar for 30 tilsette. Styret i Språkrådet er utnemnt av kulturministeren. Språkrådet har fire fagråd som er referansegrupper med språkkunnelege og språkengasjerte personar frå heile samfunnet. Fagråda gir innspel og råd om saker på sine fagfelt.

www.sprakradet.no

SPRÅKRÅDET

Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

TELEFON: 22 54 19 50
TELEFAKS: 22 54 19 51

ANSVARLEG REDAKTØR:
Sylfest Lomheim

INFORMASJONSSJEF:
Svein Arne Orvik

REDAKTØRAR:
Svein Nestor
svein.nestor@sprakradet.no

Åsta Norheim
asta.norheim@sprakradet.no

ABONNEMENT OG
ADRESSEENDRING:
lars.erik.klemsdal@sprakradet.no

Signerte artiklar frå
eksterne skribentar står
for forfattaren sitt syn.

OPPLAG: 25 000
Tekstene i dette nummeret
finst òg på Internett:
www.sprakradet.no

Fire nummer i året

Redaksjonen avslutta
13.11.2008


FORM: Grafisk Form AS
TRYKK: 07 Aurskog

ISSN 0333-3825

OMSLAGSBILETE:
Foto © Bob Anderson /
Masterfile / Scanpix

B

NORGE/NOREG



HISTORIA BAK

JULETID OG YULETIDE

Skal me omsetja *juletid* til engelsk, må me vita at *jul* heiter *Christmas*, at *tid* heiter *time*, og at dei to orda til saman heiter *Christmastime*. *Christmastide* finst òg, så vårt ord *tid* har ein nær slektning i engelsk *tide*. *Tide* tyder 'tid' berre i samansette ord.

Christmastime viser til *Christ* og *mass*, altså *Kristus* og *messe*, og derfor er det ingen tvil om at jula er ei kristen høgtid. *Jul* seier ikkje noko om Kristus eller messe, for ordet er mykje eldre enn kristendommen i Noreg. Opphavet er norrønt *jól*, som var ei heidensk høgtid. *Jólatíð* kunne det også heita. Kva *jól* tyder, er ukjent.

Inkjekjønnsordet *jól* fanst berre i fleirtal. Hadde *jól* vori eintal, hadde det heitt *gott jól*, slik som t.d. *gott hús*, men i fleirtal kan det berre heita *góð jól*. *Góð jól* liknar t.d. på *góð sól*, og difor tolka folk etter kvart *jól* som eit hokjønnsord i eintal. Det heiter jo *julá* no. *Jul* har eit sidestykke i engelsk, som har både *yule* og *yuletide*, men det er gammaldags. *Yuletide* har engelsk ikkje.

RETURADRESSE:
Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

ISSN 0333-3825